



## ÅRSMELDING 2013/2014 for perioden 15.6.13 – 21.6.14

**Styret 2013/2014:** Eva Almhjell, leiar (2013-2014) og nettredaktør, Britt-Mari Sletto, nestleiar og kasserar (2013-2014), Elisabeth Aaker, styremedlem (2012-2014), Kåre Olav Solhjell, styremedlem (2012-2014), Grethe Larsgard Rudningen, styremedlem (2013-2015)

**Varamedlemmer:** Eva Cecilie Sletto (2013-2015), Eli Sælid (2012-2014), Odd Oleivsgard (2012-2014).

**Valnemnd:** Knut Medhus og Turid Birgit Lien (begge 2012-2014).

**Revisor:** Borgny Thorsrud og Rangdi Skorve

Talet på styremøter: 4

Medlemstal pr. 8.5.2014: 86

Årskontingent: 200 kr.

Medlemsbrev: 3

### Aktivitetar

#### Jørn Øyrehagen Sunde held foredrag

om den rettshistoriske utviklinga for lause ungar og lause kvinner på Vika velferdssenter i Hol 3. oktober 2013. Det vart ein stor suksess. Den prisløna foredragshaldaren trollbatt dei ca. 40 frammmøtte. Møtet var eit samarrangement med Hol Historielag og Kunstnartunet i Leveld, og var støtta økonomisk av Hol Sparebank. Takk for godt samarbeid og økonomisk støtte.

#### Per Gjetar - illustrert barnebok

vart lansert i 23.10. 2013, og kostar i utsal kr. 280. Ved utgangen av april var om lag 260 bøker selde, frå forlaget og frå selskapet sjøl, m.a. i bokhandlarar i Hallingdal og ellers rundt om i landet. Kommunene i Hallingdal har fått tilbod om klassesett. Bokprosjektet vart sponsa med i alt kr. 63 200. Vi takkar Hol Mållag, Hol Sparebank, Hol kommune, BuskMål, Hallingdal mållag og Sparebankstiftelsen for økonomisk støtte.

Takk til Anne Mari Gretteberg Gjerstad, som illustrerte boka, og til Aud Søyland, språkkonsulent for boka.



Bildet t.v. er frå bokmessa på Ål i november 2013, og viser: Storendundra (Turid Birgit Lien), Per (Tord Torsteinsrud) og Hølg (Erlend Opheim Berg – i blått).

Foto: Privat

### Artikkel om Anne Jensdotter Sletto – OSS-bokprosjekt 2014?

Artikkelen har lagt på seg med spennande innhald under skriveprosessen, og styret er inne på tanken om den, saman med ein artikkel basert på foredraget Jørn Øyrehagen Sunde held 3.10.13, kunne bli ei bok. Som med boka Per Gjetar, må det skaffast eksterne midlar. Omslaget vil i tilfelle bli designa av oldebarnet til Anne J. Sletto, Anne Sletto, som lever i USA. Leiaren vil gi smakebitar frå artikkelen i årsmøtet.

Eva Almhjell har ellers helde fleire foredrag om Per Gjetar og Anne Jensdotter Sletto. Fleire står på vent.

### Årshefte 2014

Årshefte 2014 har med dette:

Ein stor takk til dei som gir seg: Veteranen, Kåre Olav Solhjell, styremedlem sidan oppstart av Olav Sletto-selskapet i 2001, Knut Medhus, som har site i valnemnda frå starten, og Elisabeth Aaker, som var med frå 2012-2014, og ein takk til dei som blir.

Rapport frå møtet med Jørn Øyrehagen Sunde 3.10.13.

Olav Sletto: Soga om Røgnaldfolket  
Lesaroppleving ved Margarethe L'Orange

Juul Haganæs, grunnleggjar og einaste æresmedlem i Olav Sletto-selskapet gjekk bort i 2013. Vi takkar og minnest han i ein nekrolog av Arne Skogheim.

### Rekneskap 2013/2014

Botnlina er på plussida. Dette heng m.a. saman med at salet av PER GJETAR gir overskot, og at vi har auka årskontingenten til 200 kr.

Vi viser til Årsheftet 2014 for nærare detaljar.

Styreleiaren takker styret, og ikkje minst Olav Slettos etterkomarar, for spennande samarbeid i året som har gått.

### [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

Leiaren er nettredaktør. Ho hadde som mål i publisere ei nyhende kvar månad. Frå oppstart 16.1.2012 og til dd. har ho publisert i alt 43 nyhende, altså nesten dobbelt så mykje som målsettinga. 18 av artiklane er publisert sidan juni 2013.

Også anna stoff av interesse for selskapets medlemmer og andre lesarar blir publisert jamnleg på nettsida.

Hol, 21.6.14

Eva Almhjell *Eva Almhjell*  
Grethe L. Rudningen *Grethe L. Rudningen* Britt-Mari Sletto  
Grethe Larsgard Rudningen *Grethe Larsgard Rudningen* Britt-Mari Sletto

Kåre Olav Solhjell (s) Elisabeth Aaker (s)

Årsmøte 2014 er økonomisk støtta av Skue Sparebank.